



Jarle Konglevoll  
Konglevoll 19  
5956 HUNDVIN

Referanser:

Dykkar: adf66509-ed2e-4fb9-8aa8-3cbcad00f407

Vår: 20/17742 - 20/75386

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

[linda.folkestad@alver.kommune.no](mailto:linda.folkestad@alver.kommune.no)

Dato:

04.12.2020

## Svar på søknad om utvida bruk av avkjørsel KV 1120 - gbnr 93/10 Litlehovde

**Tiltak:** Utvida bruk av eksisterande avkjørsle  
**Byggestad:** Litlehovde – Gbnr 93/10  
**Tiltakshavar/heimelshavar:** Atle Bruvoll Andersen  
**Ansvarleg søkar:** Jarle Konglevoll

Saka gjeld søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for ei bustadeining på gbnr 93/10.

### Saksutgreiing:

#### Informasjon om saka:

I samband med ønske om å bygge einebustad på gbnr 93/10 søkes det om løyve til utvida bruk av avkjørsle frå kommunal veg.

#### Vurdering/drøfting:

Kommunal veg til Litlehovde er erattblert som ei eifeltsveg med to køyreretningar. Avkjørslane langs vegen fungerer som møteplasser. Vegen til Litlehovde er ikkje skilta med særskilt fartsgrense og fartsgrensa følgjer av Vegtrafikkloven § 6. Siktzone i avkjørsle skal være ihht Vegnormal N100. Siktzone er satt til 4 x 45 meter.



### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug


Innbyggjarservice: +47 56 37 50  
00

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922



Kommunal veg ender i Den Trondhjemske postveg. Denne vegen er verna i Nasjonal verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminner. Statens vegvesen har ansvar for postvegen. Det må avklarast med Statens vegvesen om dei har krav til avkjørsla.

#### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune finn det forsvarleg å gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for einebustad på Gbnr 93/10 på følgjande vilkår:

#### **Vedtak:**

Alver kommune gjev løyve til etablering av avkjørsle for einebustad på gbnr 93/10. Løyve vert gitt med heimel i Veglova §§ 40 til 43 med tilhøyrande regelverk:

Løyve vert gitt på følgjande vilkår:

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den, i mest mogleg grad, stettar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørser frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav om geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Privatrettslege avtaler skal ligge føre.

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning gjer merksam på at tiltaket kan være søknadpliktig etter plan og bygningslova.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Bortfall av løyve

Er arbeid med avkjørsla ikkje sett i gong innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyve bort, jf. Veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Plan og byggesak

**Mottakarar:**

Jarle Konglevoll

Konglevoll 19

5956

HUNDEVIN